

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/Nærings- og kulturavdelinga, sakshandsamar Eva Kristin Svidal  
Førde

Ev. vidaresending til

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Nærings- og kulturavdelinga  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Dykkar ref.  
Sak nr: 17/9438-85

**Ny og utvida utgåve av boka  
"Kjære Tomasine" frå 2015.  
Klage på vedtak**

**Søkjjar: Idar Stegane**

I forma er dette ei bok. Men det er ikkje ei bok som kan gje inntekter nok ved sal. For å kunne få ut boka må Eg finne finansiering. Prisen er kostnadsrekna av forlaget til kr. 19.875,-. Eg har søkt om støtte frå dykk, frå Universitet i Bergen, frå sparebanforeinga i Sogn og Fjordane, og frå Fritt Ord. Alle har gitt avslag. Frå før har eg ståande kr. 1000,- som eg har råderett over på ein instituttkonto, og dei kan eg bruke til dette. Får eg ikkje støytte frå nokon instans, må eg vere budd på å bruke kr. 18.875,- av egne midlar.

I praksis er det fyrst og fremst *ei samling av kulturminne*, nemleg i alt 100 brev inkludert nokre få kort sende til same mottakar(ar), nemleg til Tomasine Vasset (Grov) frå 1917) og delvis til foreldra hennar. Brevna er stort sett skrivne av folk som har gått på 10 vekers årleg folkeskule, der dei lærde å skrive dansk; det var inga rettskriving for norsk riksmål før etter 1900. Nokre få av skribentane kan ha lært eit riksmål med få endringar frå dansk. Til munnleg rettesnor har dei hatt det som i dag ville bli oppfatta som gammalt sunnfjordmål. Vi ser at somme blandar meir og mindre inn dialekten utan kunnskap om korleis dei skale skrive den. Eit par yngre skribentar har truleg òg gått på kurs for å lærå å skrive landsmål utan å bruke det i alle brev. Eg har reinskrive alle 100, og det var eit interessant med seint og mødesamt arbeid. Språklege inkonsekvensar og blanding var ein ting, men det var òg kopla med til dels "stygg" og svært utydeleg handskrift

Alt i alt er språket i breva eit samansurium som vonleg vil kalle på studiearbeid i form av masteravhandling eller anna fagleg tilnærming. Vidare vil breva vere kjeldemateriale for studiar i lokalhistorie, landbrukshistorie og sosialhistorie. Fleire relevante argument finst i søknaden under mellomoverskrifta "Målgruppe for tiltaket".

(I 3. siste linja der har noko falle ut. Det står "tunnestav i Kjærleik og giftarmå og nye born" Det skal vere: "tunnestav i byte for fisk. Og dei handlar om kjærleik og giftarmål og nye born.")

Kort sagt har eg skaffa til vegar og lagt til rette for nærare tilnærming til eit svært sjeldsynt kulturelt materiale på linje med andre typar historiske gjenstandsfunn. Jamfør tilråding frå seniorkonsulent Ola Søndena nedanfor

I arkiva ved Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen ligg det hundretusenvís av gamle brev, brorparten handskrivne av politikarar, kunstnarar, forfattarar, akademikarar mfl. Brev som skildrar historiske storhendingar av ymse slag, som oftast skrivne av folk i høge posisjonar i samfunnet. Det som derimot manglar i arkivet, og i dei fleste arkiv, er brev som skildrar kvardagsliv, bygdelig, små og tilsynelatande trivielle hendingar.

Difor er brevsamlinga etter Tomasine Tolleivsdotter Vasset særst verdifull, stemmer og språk som skildrar det kvardagslege, sjukdom og slit, glede og sorg, tankar og røynsler frå bygdelig i Sogn og Fjordane i dei første tiåra i det tjuande hundreåret. Og, ikkje minst, tankar og røynsler skrivne av kvinner, unge og gamle, i eit ofte gripande og mangslunge språk. Å ta vare på, synleggjera og formidla slike brev og stemmer er svært viktig, små gløtt inn i kvardagsliv som verkar framande for oss som lever i dag.

Bergen, 14.2.2018

Ola Søndena

Seniorkonsulent

Avdeling for Spesialsamlingar,  
Universitetsbiblioteket i Bergen

Eg held oppe søknad om kr. 8.000,- Får eg desse midlane, vil eg likevel sitje med ein personleg kostnad på over ti tusen kroner.

Med gode voner og venleg helsing

Idar Stegane

Nils Langhelles vei 74

5148 Fyllingsdalen

Tlf. 924 94 659